

## Gol ungdomsskule (Utval for Kultur og Levekår)

### Ansvarsområde - storleik på avdelinga og frávær 2015 (%)

#### 28,9 stillingsheimlar

Ansvar	Ansvarsbegrep	Evt. endringer	Stillingsh. (2015)	Frávær 2015
3114	Gol ungdomsskule		28,92	4,8 %
				<b>4,8 %</b>

#### Fordeling - rekneskapsartar (heile 1.000 kr)

Tekst	R 2014	Just B2015	R 2015
Sum driftsutg.	22.045	19.637	21.880
Sum driftsinnt.	-1.891	-150	-983
Netto finansutg.	-40	-	-118
<b>NETTOUTG.</b>	<b>20.114</b>	<b>19.487</b>	<b>20.779</b>

#### Utvikling av løn korrigert for refusjonar sjukefrávær (heile 1.000 kr)

	2010	2011	2012	2013	2014	2015
Netto-løn:	14.271	14.311	14.797	15.736	17.338	18.103

#### Avvik - rekneskap og frávær

##### Rekneskap

- Rekneskapen for 2015 viser eit nettoforbruk på om lag 1,3 mill.kr. forhold til justert budsjett 2015. Meirforbruket er i hovudtrekk kjøp frå andre kommunar og gjeld elevar som er fosterheims-plasserte i andre kommunar, elevar med særskilte behov.
- Refusjonar og tilskot er på om lag 1 mill. kroner meir enn revidert budsjett. Dette gjeld både refusjon for sjukdom og fødsel, men også

refusjon som vertskap for andre kommunar, jfr. førre punkt.

Jeg elsker å lære, men hater å bli undervist

*Winston Churchill*

## Fråvær

Gol ungdomsskule har eit samla fråvær på 4,8 % i 2015. Langtidssjukefråveret er 2,9%, medan kortidssjukefråveret ligg på 1,9% .

## Mål og måloppnåing 2015

Administrative mål	Mål i ord / utfyllande kommentarar	Årsak til avvik
Ny skule for 1.-10. trinn	Planlegging av flytting ut av Gol ungdomsskule og innflytting til ny skule, på alle nivå. Alle tilsette er her involvert i større eller mindre grad.	
Læringsresultat Læringsstrategiar Læringsmiljø	Viser her til tilstandsrapporten for 2015 og 2015(vår)	.
Alle lærarar skal ha godkjend pedagogisk kompetanse og dekke krav til fagkompetanse i dei faga dei underviser i.	Kravet til pedagogisk utdanning er bort i mot 100%. I 2015 kom det nye kompetansekrav til fagutdanning i grunnskulen, og det er fleire lærarar som underviser i faga norsk, engelsk og matematikk som per dags dato ikkje fyller dei nye krava til formell utdanning. Fleire tilsette har søkt om vidareutdanning i dei aktuelle faga, dekkja av statlege midlar, frå hausten 2016	Årsak til avvik er nye krav til formell kompetabse, med tilbakevirkande kraft.
Betre på førebygging, avdekking og handtering av mobbing, medverke til å utvikle sosial kompetanse	Det er framleis ikkje tilfredsstillande resultat i når det gjeld mobbetal, i fylgje den årlege elevundersøkelsen. Det blir arbeid kontinuerleg med førebygging mot mobbing og læring av sosial kompetanse ved skulen. Det er viktig å ha eit fokus på kompetanseheving for å avdekke og stoppe skjult mobbing. Innføre dette på alle trinn.	Kontinuerleg arbeid på skulen, på alle nivå.



## Administrative mål og tiltak 2016

### Personell

- Arbeidsmiljø.  
Mål:  
Fortsatt fokus på eit godt arbeidsmiljø og eit lågt sjukefråver.
- Med tanke på den omorganiseringsprosessen vi no er midt inne i, er det spesielt viktig med god informasjonsflyt i forhold til det som ligg framfor oss. Det er viktig at tilsette kjenner seg sett og høyrte i ein slik prosess. Vidare er vi opptekne av å veilede

### Organisasjon

- God overføring til ny skule frå hausten 2016, alle nivå er integrerte
- Sosial kompetanse – førebygge og avdekking mobbing  
Mål:  
Betre resultat og synleg endring hjå elevane med godt samarbeid mellom heim – skule  
Tiltak:  
Skulen må prioritere satsing på å skape eit godt psykososialt arbeidsmiljø for alle elevane ved skulen. Det aller viktigaste tiltaket er det som blir gjort i klasserommet til ein kvar tid. Ulike haldningsskapande program skulen vel å køyre, med tanke på forebygging av mobbing, vil vere

dei tilsette i det daglege arbeidet deira med elevane.

- Dei tilsette i grunnskulen i Gol jobbar i fellesskap mot ein ny skulekultur 2016 og innflytting i juni 2016.
- Tiltak:  
Sette av planleggingstid for å førebu flytting over til ny skule

eit supplement og bidrag til å byggje foreldrenettverk og lære sosial kompetanse

### Kompetanse

- Godt, kvalifisert personale  
Mål:  
Alle lærarar bør ha pedagogisk kompetanse og dekke krav til fagkompetanse i dei faga dei underviser i.  
Tiltak:  
Tilby støtte til vidareutdanning med jamne mellomrom

Auka læringsutbytte er omtala i Tilstandsrapporten 2014 og 2015(vår)

## Utfordringar 2016

Skuleåret 2015 – 2016 er det siste for Gol ungdomsskule som eigen skule. Tida frametter vil vere prega av flytting og samarbeid med Gol skule for å få til ein best mogeleg felles skulekultur. Samstundes må ein halde oppe læringstrykket, og ha fokus på den faglege innsatsen og motivasjon for læring. Ein skal også ha fokus på eit trygt læringsmiljø og eit godt arbeidsmiljø.

Jeg hører og glemmer  
Jeg ser og husker  
Jeg gjør og forstår

*Konfucius*



